

## **Referat frå møte i Samarbeidsutvalget (SU) Ombo oppvekstsenter**

**Måndag 20. februar 2023, 08.30-10.00**

Møte nr. 1/2023.

Møte fysisk og på Teams.

Innkalling er send til:

Line Flesjaa (leiar SU og FAU), Marius Trøim (repr. foreldre barnehage), Sunniva Nårstad (repr. foreldre 1.-2. klasse), Hege Berglund (repr. foreldre 4.-6. klasse), Rasmus Bø (repr. tilsette skule), Tove Bergjord Tysdal (repr. tilsette barnehage), Frid Rørheim (repr. andre tilsette), Eline Wolden Bersagel (repr. Stavanger Kommune), elevrådet (Anna Serina Nes og Kristher Moen Helgaland, v/ Rasmus Bø), Hanna Skartveit (rektor og referent).

Ikkje til stades: Hege Berglund.

Hanna Skartveit og Marius Trøim var med på Teams, resten var på Ombo oppvekstsenter.

Sak 9-22/23: Godkjenning av møteinkalling og saksliste.

Godkjent.

Sak 10-22/23: Godkjenning av referat frå SU-møte 26. september 2022.

Godkjent.

Sak 11-22/23: Saker frå elevrådet.

- Ønske om Trivselsleiar (TL) i friminutta.
  - o Dette kan vi sette i gong utan å sende nokon på kostbare kurs. Vi har mykje utstyr og opplegg liggande frå då vi tidlegare deltok på dette.
- Ønske om å byrje med «Store les for små» igjen.
  - o «Store les for små» blei lagt på is midlertidig for ei tid tilbake pga. at gruppene ikkje fungerte optimalt og det blei ein del støy. Vanskeleg for dei minste i barnehagen å finne heilt roen. Vi vil starte opp att med dette etter vinterferien, men vurdere om dei aller minste skal vere med.
- Oppgradering av «borga» og ønske om basketball-korger i barnehøgd.
  - o Hanna har snakka med landskapsarkitekten, som seier at planen snart er ferdig. Ho bekrefta at det vil komme ein ny og betre klatrevegg der «borga» er. Og ho har lagt inn basketball-korger på asfalten ved sida av satellitt-reila som eit forslag i planen.
- Dei ønsker å ha skjermfri veke igjen i vår.
  - o Bra tiltak, som skulen absolutt støttar. Då vil dei ikkje ha lekser den veka og ikkje bruke skjerm på skulen. Viktig å snakke om kva dette inneber på førehand i klassen, men også med foreldra. Korleis har vi vaksne det med skjermar, lærar dei skjermbruk av oss?

Sak 12-22/23: Informasjon frå rektor.

- Ny lærarvikar i 1.-2. klasse: Asjen Mensink, som har permisjon frå Finnøy skule.
- Status oppgradering av uteområdet barnehage.
  - o Tove informerte: Uteplassen er ferdig, godkjent og tatt i bruk. Dei har lagt ned rullar med ferdig plen der leikehytta blei reven, så nå står det gjerder der til plenen kan brukast.
  - o Elevane på skulen får komme inn og bruke leikeapparatet i det første friminuttet kvar dag.
- Status oppgradering av uteområdet skule.
  - o Vi ventar ennå på planen for korleis uteområdet skal bli (forprosjekt). Arkitekt har signalisert at den kjem snart. Vi veit ennå ikkje kva tid arbeidet byrjar.
  - o Eline: korleis er situasjonen med oppgradering av Tarzan-løypa i skogen i forhold til grunneigarane? Hanna fekk seinast beskjed om at det ikkje er aktuelt å kjøpe plassen på dette tidspunktet, men har ikkje hørt meir. Hanna sjekkar igjen med kommunen om dei har tatt dette med i berekninga.
- Fylkeskommunen planlegg utbetring av to bruer på Ombo.
  - o Dei byrjar på Hole nå og arbeidet vil ta ca. 3 veker. Skuleskyss blir ramma for nokre, som må ta bussen tidlegare, men skulen kan byrje til vanleg tid. Dei byrjar på bruа på Eidssund i midten av mars og skal jobbe der ca. ut april. Det vil vere gongbru tilgjengeleg.
  - o Trygging av vegen frå skulen og ned til kaien? Line har vore i kontakt med kommunen og Trygg trafikk, men har ikkje fått svar. Eline har tatt det opp med Ole Ueland, som skulle sjå på saka. Ho har ikkje fått noko tilbakemelding. Hanna nemnte det også for Fylkeskommunen, då dei ringte for å informere om arbeidet. Rasmus meiner at det ikkje er realistisk å få gjort noko med bredda på vegen pga. grunneigarar osv.
  - o Det mest realistiske er kanskje å få laga fartsdumpar på vegstrekninga, slik at trafikken til og frå ferjer må bremse ned.
- Orientering om Ståstadsanalysa.
  - o Hanna informerte kort om gjennomføringa og konklusjonane av analysa. FAU har mottatt den tidlegare og har sendt den vidare til foreldregruppa. Ønske om å få ein kortversjon då den er ganske lang å lese. FAU- og SU-leiar Line Flesja var til stades på dialogmøtet med Jørn Pedersen og Elin Sjødin.
  - o Nasjonale prøvar: Ombo gjer det bra på rekning og lesing, men har forbetringspotensiale når det gjeld engelsk.
    - Skulen vil ha fokus på å styrke engelsken framover. Vi har nettopp kjøpt nytt læreverk og digitale ressursar gjer at elevane kan få ting lese opp på Chromebook.
    - Rasmus: Nokre elevar har sagt at dei ønsker «gammaldagse» gloseprøvar, og dei som ønsker det får det. Sunniva: Kan ikkje alle få gloseprøvar? Rasmus: Det kan verke demotiverande for dei som ikkje får det til, men vi kan prøve med obligatoriske gloseprøvar for alle etter vinterferien. Gloseprøvar er nå på onsdagar.
    - Eline: Kan ein bruke meir interaktive læremiddel, t.d. dataspel? Bruke engelsk i stasjonsundervising? (Rasmus: Det gjer vi allereie). Viktig å bruke kjekke ting for å lære.

- Line: Alternative læringsmetodar? T.d. brukar ungane ofte engelsk når dei leikar.
  - Dette er noko skulen kjem til å ha vekt på framover.
- Orientering om Elevundersøkinga og Foreldreundersøkinga for skulen.
  - Vanskeleg å lese mykje ut av undersøkingane fordi dei er «prikka» (anonymisert) pga. lågt tal på svar.
  - Vi får generelt gode resultat på begge.
  - Generelt trivast ungane på skulen og dei får hjelp til det dei treng. Litt låge tal på motivasjon. Kan det vere at ein må bruke meir tid i forkant for å snakke om kva orda betyr, t.d. kva det vil seie å vere motivert?
  - Vi har berre litt over 30 % svarprosent på foreldreundersøkinga. Det er svært lågt samanlikna med andre. Det gjer at vi får sjå lite av svara. Hanna har purra for å få folk til å svare, men veit ikkje kvifor prosenten er så låg. Det kan vere at folk ikkje veit at dei må svare for kvart barn dei har på skulen.
  - Neste år må vi bruke meir tid på informere om undersøkinga i forkant, så folk forstår kvifor det er viktig at dei svarer. Viktig å ta dette opp på foreldremøte.
- Orientering om Foreldreundersøkinga for barnehagen.
  - Her har vi høgare svarprosent, over 70 %. Men det er likevel så få foreldre at det meste er prikka. Men det ser ut som folk er stort sett fornøgde. Litt låg score på informasjon frå barnehagen. Dette tar vi til rette og skal i første omgang starte med vekebrev i staden for månadsbrev.
- Vi ønsker å flytte kort dag for dei yngste frå torsdag til onsdag frå neste skuleår.
  - Dette fordi me vil auke samarbeidet med Fogn og Sjernarøy, og dei har kort dag på onsdagar. Bl.a. skal vi ha felles DKS (Den kulturelle skulesekken) på Fogn den 9. mars, og då må vi flytte kort dag til onsdagen den veka. 22. mars kjem dei andre til Ombo på DKS.
  - Dette er noko skulen må ta avgjersla på. Men heimane må få beskjed i god tid, så dei som treng det kan omstille seg.
  - Vi har jo også SFO-tilbod for dei som endringa gjeld.
- Overtallighet i barnehagen neste år.
  - Hanna informerte om det ser ut til å bli bare fire barn i barnehagen til neste år. Då dette ser ut til å vere midlertidig for neste år ønsker ikkje kommunen å gjere noko med barnehagen. Men nokre av dei tilsette må anten jobbe ein annan stad eitt år eller ta uløna permisjon. Dette vel dei sjølv. Dei tilsette er informerte om dette og det er ein situasjon vi har sett komme ei stund.

Sak 13-22/23: Godkjenning av skulerute for 2023/2024.

Godkjent.

Sak 14-22/23: Saker frå FAU.

- Ingen nye saker meldt inn på førehand.
- Klassekassen.
  - Line: Det står nesten 1600,- på klassekassen. Kva skal pengane brukast til? Line bør spør dei som har hatt ansvaret for den før. Hanna har bestilt to nye hoppestokkar for pengar frå FAU, etter ønske frå elevane.
- Trygg trafikk.
  - Line har bestilt refleksar og premiar til ungane. Dei ligg på skulen.

- Line lagar ein «kampanje» om trygg trafikk på Ombo til å bruke på Facebook.
  - Det er særskilt utfordrande med den farlege ferjetrafikken mellom Eidssund og Skipavik.
  - Vi må ta opp att besøk frå Politiet som ble avlyst tidlegare pga. dårlig ver. Hanna sjekkar kva tid dette kan passe og skulen diskuterer tema/innhald for eit slikt besøk.
- 

Sak 15-22/23: Ymse.

Ingen saker.

Sak 16-22/23: Neste møte.

Pga. at møtet gjekk over tida vil Hanna sende ut ein e-post om dette i ettertid.